

Vertshuset som næringsbygg ligg ute for sal.

23.05.2018



Vertshuset som næringsbygg ligg vakkert til med utsikt mot båthamn, Storsund og Skorpo.

Næringsbygget, som vi alle kjenner som Vertshuset, er lagt ut for sal. Taksten er 2,9 mill. kr. Bygget har ei total golvflate på 480 kvadratmeter. Tomta er på 1,2 dekar. Bygget er lagt med tilhørende tomt. Vertshuset ligg sentralt til i Kvinnherad med flott utsikt til Storsund, Skorpo og fjella Manen, Englafjell og Ulvanoso.

Bygget er frå 1958 og har ein interessann historie. Kvinnherad og omland slaktelag vart skipa i 1956, med Sigvald Eik frå Uskedalen som formann. Eik var og den fyrste styraren på slakteriet i Uskedalen. Anlegget vart teke i bruk i 1958.

Seinare vart bygget brukt til mekanisk verkstad med Einar H. Myklebust som eigar. Sonen, Oddvar Myklebust, renoverte bygget og sette det i stand for servering. Med god plassering til båthamn og sjø, vart plassen populær og til tider mykje brukt.

Systrene Nilsen var eigarar og dreiv plassen nokre år. Den siste som dreiv restaurant her, var Roy Lervåg. Han slutta av verksemda til jul i fjor.

No ligg bygget med sin særmerkte arkitektur ute for sal gjennom SPV næringsmegling. Plassen er unik med to båthamner og Rabben Feriesenter som næraste naboar. Det er god parkering og elles tilkomst frå sjø. Det er visning etter avtale.

Bygget vert definert som næringsbygg og kan sjølvstekt brukast til andre føremål enn servering.

Meir informasjon kan de få hos SPV næringsmegling v/ Pål Huun Monsen på mobil: 952 05 865.

Tekst/nett: Kristian Bringrdal

Foto: Frå prospektet med løyve frå Frøydis Nilsen og meglar



Vertshuset vakkert opplyst på kvelden.